

Tillegg til styringsdokumentet for 2020 - vedlegg til sak 3.1 Endringar i krav og oppdrag for 2020 i føretaksprotokoll xx. juni 2020

Justert oppdrag for 2020

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt til grunn at handteringa av covid-19 utbrotet vil påverke spesialisthelsetenesta si evne til å nå mål og gjennomføre oppdrag for 2020. Departementet har derfor endra enkelte av måla for 2020 og utsatt fristen for enkelte av oppdraga. Desse endringane kjem fram i dette dokumentet. Det blir i tillegg gitt enkelte nye oppdrag for 2020.

Andre oppdrag og mål i styringsdokumentet for 2020 blir vidareført. Helse Vest RHF anerkjenner samtidig at handteringa av covid-19 utbrotet vil kunne påverke måloppnåing og gjennomføring også for desse måla og oppdraga.

Helse Vest RHF understreker at dei overordna måla for spesialisthelsetenesta gjeld, sjølv om enkelte konkrete mål for 2020 utgår. Målet om å redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga er særleg viktig i ein situasjon der aktiviteten har gått ned grunna covid-19 utbrotet. Helse Vest RHF viser til føretaksmøtet 23. april 2020 der helseføretaka blei bedt om å starte opptrapping til meir normal drift i tråd med etablerte prioriteringskriterier og utnytte ledig kapasitet hos private aktørar.

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Endringar i styringsdokumentet for 2020:

Mål 2020:

- Målet om at gjennomsnittleg ventetid i 2020 skal reduserast samanlikna med 2019 bortfaller.
- Målet om å overhalde ein større del av pasientavtalene samanlikna med 2019 (passert planlagt tid) bortfaller.
- Helseføretaka skal auke delen planlagde episodar med tildelt time dei neste 6 månader i andre halvår 2020, samanlikna med andre halvår 2019, målt ved indikatoren planleggingshorisont. Det opprinnelege målet om å auke delen planlagde episodar med tildelt time dei neste 6 månader i heile 2020, samanlikna med 2019, bortfaller. Tidlegare stilt krav om at det skal vere planleggingshorisont for bemanning og timetildeling på poliklinikkar på minst 6 månader gjeld framleis.

Andre oppgåver 2020:

Ingen endringar.

Nye oppdrag:

- Helseføretaka skal gjennomføre tiltak som har dokumentert effekt på kapasitetsutnyttinga og unødvendig venting innan poliklinisk behandling. Det blir lagt til grunn at desse tiltaka blir gjennomført for all poliklinisk behandling, med mindre særskilte forhold tilseier noko anna. Det takast eit generelt atterhald om at beredskapsarbeidet kan forsinke eller forstyrre gjennomføringa av tiltaka. Tiltaka skal mellom anna inkludere:
 - Innføring og bruk av digitale skjema og verktøy for å innhente nødvendig informasjon frå pasientane før oppmøte til time.

- Ta i bruk video- og telefonkonsultasjonar med sikte på oppretthalde omfanget av slike konsultasjonar etter kvart som aktiviteten blir normalisert.
 - Fastsetting av måltal for bruk av digitale skjema, video- og telefonkonsultasjon og digital heimeoppfølging.
- Dei regionale helseføretaka skal innan 1. september 2020 gi departementet ein felles vurdering av helseføretaka sin kapasitet til å handtere pasientar med fristbrot. Kapasitet hos avtalespesialistar, private og ideelle aktørar skal inkluderast i vurderinga. Vurderinga skal sjå hen til oppdatert informasjon om smittesituasjonen på det aktuelle tidspunktet. Departementet viser til at Stortinget har vedteke midlertidig lov om endringar i helseberedskapslova, som gir heimel til å fastsette enkelte tilpassingar og unntak frå pasient- og brukerrettighetslova kapittel 2 fram til 1. januar 2021. I kgl. res. av 26. mai er det fastsatt at unntak frå pasienten si rett til å få helsehjelp utan opphald, om nødvendig frå privat tenesteytar (fristbrotsordninga), blir vidareført til 1. oktober. Vurderinga frå dei regionale helseføretaka skal inngå som eit beslutningsgrunnlag for ev. vidareføring eller tilbakeføring av dette unntaket etter 1. oktober. Helseføretaka skal delta i dette arbeidet etter nærare avtale.

2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Endringar i styringsdokumentet for 2020:

Mål 2020:

Ingen endringar.

Andre oppgåver 2020:

Ingen endringar

Nye oppdrag:

- Helse- og omsorgsdepartementet har vist til SINTEFs første rapport for evaluering av pakkeforløp i psykisk helse og rus. Helseføretaka skal legge funna i rapporten til grunn for vidareutvikling av arbeidet med registrering og tekniske løysingar knytt til pakkeforløp. Brukarrepresentantar og erfaringskonsulentar skal involverast i forbetningsarbeidet og implementering av pakkeforløpa.

3. Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Endringar i styringsdokumentet for 2020:

Mål 2020:

- Det langsiktige målet om at del einingar med godt sikkerheitsklima i eit helseføretak skal vere minst 75 pst. innan utgangen av 2023 blir oppretthalde, men rapportering for 2020 utgår.

Andre oppgåver 2020:

- Det visast til oppdrag om etablering av ein landsdekkande lavterskelteneste og eit heilskapleg behandlingstilbod til personer som står i fare for å gjere seksuelle overgrep mot barn. Fristen for etablering blir utvida til utgangen av 2020.
- Det visast til oppdrag om å etablere eit heilskapleg behandlingstilbod for personar med kjønnsinkongruens. Fristen for etablering blir utvida til utgangen av 2020.
- Det visast til oppdrag om å utarbeide ein plan for ParkinsonNet og starte ein nasjonal iverksetting i 2020. Arbeidet blir vidareføres i Oslo og Rogaland. Plan for ytterlegare innføring av ParkinsonNet i dei fire regionane skal utarbeidast innan utgangen av 2020. Det skal tas sikte på å innføre modellen i fleire helseføretak innan 30. juni 2021.
- Det visast til oppdrag i 2020 om at dei regionale helseføretaka, under leiing av Helse Sør-Aust RHF, skal legge til rette for bruk av molekylære testar, genpanel og biomarkørar i forskning og klinisk praksis og samordne nasjonal infrastruktur for persontilpassa medisin til forskning og klinikk. Oppdraget blir vidareført med følgjande presisering: Ein legg til grunn at universiteta blir involvert i arbeidet der det er relevant.

Utgreiingsoppdrag:

- Oppdrag om å utgreie og implementere ordningar for midlertidig innføring og revurdering av nye metodar i Nye metodar for å legge til rette for innføring av persontilpassa medisin i tenesta. Ny frist for oppdraget er satt til 1. juni 2021.

Nye oppdrag:

- Helseføretaka skal følgje opp kompetanse- og ressursbehov dokumentert i rapporten "Endring i fødepopulasjon og konsekvenser for bemanning og finansieringssystem" i utvikling av fødeinstitusjonene.
- Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid utgreie etablering av eit nasjonalt servicemiljø med regionale noder for nasjonale tenester og nasjonale kvalitets- og kompetansenettverk etter modell frå kvalitetsregistre, med mål om etablering i løpet av 2021. Servicemiljøet bør på egna måte vere samordna med nasjonale og regionale støttfunksjoner for nasjonale medisinske kvalitetsregistre. Helseføretaka skal delta i dette arbeidet etter nærare avtale.
- Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid utarbeide eit harmonisert nasjonalt internopplæringsprogram for sjukepleie i intensivbehandling av covid-19 pasientar. Internopplæringsprogrammet skal bestå av læringsmål for denne typen intensivbehandling. Frist for ferdigstilling er 1. oktober 2020. Helseføretaka skal delta i dette arbeidet etter nærare avtale.
- I samband med revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering (2016-2020) blir helseføretaka bedne om å gå gjennom status for tiltaka i planen. Helse Vest vil sende ut eit kartleggingsskjema og deretter invitere helseføretaka til dialogmøte. Som ein følgje av covid-19 epidemien kan det oppstå eit rehabiliteringsbehov knytt til dei mest alvorleg sjuke koronapasientane, særleg etter intensiv-/respiratorbehandling. Omfanget av behovet er førebels ikkje kjend. Som ein del av statusgjennomgangen blir helseføretaka bedne om å kartlegge og beskrive behov og tilbod til denne pasientgruppa.